



Klar til å tennast om ei knapp veke!

Dei to granane som er planta like ved Gamleskulen veks bra og den eine av dei skal overta etter kjempen Grano som permanent julegran for Uskedalen. Men det må ikkje skje førebels, for gamlegrana er så langt i god form. Det kunne ein kvartett frå musikklaget slå fast då dei i dag fekk pærene på plass. Ståle og Audun Eik, Knut Stensletten og Lars Myklebust gjorde jobben som i mange år før og det utan at det kom eit generande vindpust! Neste fredag skal Grano tennast att.

Etter monteringa nytta kvartetten høvet til å sjå litt nærare på de to rekruttgranane. Dei kunne konstatera at den eine har skote meir fart enn den andre, men er noko pjuskete.

Den andre er ikkje så lang, men verkar atskillig friskare. Det vert nok ikkje så enkelt å bestemma kva for ei gran som skal ta over, men heldigvis må ikkje det skje på nokre år enno.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rekruttgranane står bra, konstaterar Knut, Lars, Ståle og Audun